

Møteprotokoll

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Digitalt
Dato:	21.10.2021
Tid:	10:00 - 12:20

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ann-Kristin Kristoffersen	Nestleiar	NHO
Kari Daltveit	Medlem	LO
Ove Kjøllesdal	Medlem	NHO
Sølvi O. Sørebo	Medlem	KS
Jill Hellem	Medlem	YS
Bjørg Simlenes Nguyen	Medlem	Virke
Eivind Johannessen	Medlem	UNIO
Kine Bratli Dale	Medlem	Nærna

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	OppKo
Roger Martin Pilskog	Leiar	LO
Signe Margarete Krüger Birks	Medlem	LÆRLREPR
Marcus Hansen Våge	Medlem	ELEVREPR

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Åsmund Berthelsen	Sonja M. Øvre-Flo	OppKo

Merknader

Nestleiar, Ann-Kristin Kristoffersen, fungerte som leiar i dette møtet.
Leiar, Roger Pilskog, hadde forfall.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør for opplæring
Kenth R. Teigen Måren	Seksjonsleiar, opplæringsavdelinga
Hege Osebakken	Fagleiar, opplæringsavdelinga
Susan Husabø	Seniorrådgjevar, opplæringsavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Spesialrådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 13/21 GK 14/21	Godkjenningssaker Godkjenning av møteinnkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda 06.09.2021	2019/130	
RS 13/21 RS 14/21 RS 15/21 RS 16/21	Referatsaker Nye og godkjente lærebedrifter Bruk av statlege kompetanseordningar skuleåret 21-22 Covid-19 og statlege tilskot Det fylkeskommunale tilskotet til eigne fagskular	2021/5963 2021/2407 2021/2704 2021/18979	
PS 20/21 PS 21/21 PS 22/21 PS 23/21 PS 24/21	Politiske saker Utdanningsprogrammet elektro og datateknologi - dimensjonering Evaluering av nærskulemodellen etter inntak til skuleåret 2021/22 Spørsmål om reisetidsgaranti for elevar i vidaregåande skule Eigarstyring av Fagskulen Vestland og delegeringsreglement Møteplan for 2022	2021/47481 2021/48284 2021/48285 2021/18979 2021/49753	

Godkjenningssaker

GK 13/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

Vedtak

Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

Orienteringar:

Ny opplæringslov, prosess for høyring ved seksjonsleiar Kenth Rune Teigen Måren, seksjonsleiar, opplæringsavdelinga.

Status formidling ved fagleiar Hege Osebakken, opplæringsavdelinga

GK 14/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda 06.09.2021

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

Vedtak

Protokollen frå møte den 06.09.2021 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 13/21 Nye og godkjente lærebedrifter

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

RS 13/21 vart referert.

RS 14/21 Bruk av statlege kompetanseordningar skuleåret 21-22

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

RS 14/21 vart referert.

RS 15/21 Covid-19 og statlege tilskot

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

RS 15/21 vart referert.

RS 16/21 Det fylkeskommunale tilskotet til eigne fagskular

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

RS 16/21 vart referert.

Politiske saker

PS 20/21 Utdanningsprogrammet elektro og datateknologi - dimensjonering

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil ikkje føreslå endringar i strukturen i utdanningsprogrammet elektro og datateknologi no. Det er behov for å vurdere kapasitet og struktur i alle dei i yrkesfaglege utdanningsprogramma i samanheng.
2. Saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23 skal syne tilstrekkeleg reduksjon i kapasiteten på vg1 elektro og datateknologi i nærskuleområde stor-Bergen, slik at ein kan kome i balanse med næringslivet sine behov for lærlingar hausten 2024.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 06.10.2021

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

Yrkesopplæringsnemnda sitt arbeidsutval gjorde slikt framlegg i møte den 05.10.2021:

«Yrkesopplæringsnemnda meiner tilbodet er tåleg bra dimensjonert utanfor Stor Bergen. Utanfor Stor- Bergen ser ein heller ikkje behov for å samle tilbodet på færre skular. VG3 st.f. må framleis takast ned i antal klassar. Det er meldt at fleire lærebedrifter ikkje har fått lærlingar som venta, då fleire av elevane har valt VG3 st.f. i staden. Dette tyder på at elevar som ikkje ville i lære, har mykje sannsynleg blokkert for elevar som gjerne ville.

I Stor Bergen er tilbodet overdimensjonert, og det er større tal elevar enn bransjen tilbyr læreplassar. Bransjen har eit inntak på vel 20% av dei faglærte som lærlingar, og må seiast å vere god. Elevar som ikkje får lære plass må då tilbys VG3 st.f. og VG3 med fagbrev i skule. Det siste er ikkje ei heldig løysing, sjølv om dei avlegg fagprøve, vil dei ikkje få arbeide som faglært før dei har gått læretida si hjå ein autorisert installatør. Vidare er det mange som tilbys kryssløp til andre fag. Det er neppe det beste for dei fleste sin motivasjon, men likevel betre enn at dei blir gåande utan lære plass.

Nemnda meiner derfor at det var svært uheldig at det blei oppretta endå ei klasse på Askøy vgs, og meiner den må taksat ned att så snart råd. Nemnda viser her også til bransjens særs tydelege innspel i saka, og elles til nemndas tidlegare vedtak i dimensjoneringssaka 2020, samt klassejusteringssaka 2021.

Når det gjeld lokasjon av tilbodet, vil det tolast at tilbodet vert samla på færre skular i Stor Bergen. Dersom det vert aktuelt, bør det skje i dilaog med nemnda og bransjen.

Avrøysting

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til framlegget frå yrkesopplæringa sitt arbeidsutval.

Det vart ikkje røysta over forslag til vedtak.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda meiner tilbodet er tåleg bra dimensjonert utanfor Stor Bergen. Utanfor Stor- Bergen ser ein heller ikkje behov for å samle tilbodet på færre skular. VG3 st.f. må framleis takast ned i antal klassar. Det er meldt at fleire lærebedrifter ikkje har fått lærlingar som venta, då fleire av elevane har valt VG3 st.f. i staden. Dette tyder på at elevar som ikkje ville i lære, har mykje sannsynleg blokkert for elevar som gjerne ville.

I Stor Bergen er tilbodet overdimensjonert, og det er større tal elevar enn bransjen tilbyr lære plassar. Bransjen har eit inntak på vel 20% av dei faglærte som lærlingar, og må seiast å vere god. Elevar som ikkje får lære plass må då tilbys VG3 st.f. og VG3 med fagbrev i skule. Det siste er ikkje ei heldig løysing, sjølv om dei avlegg fagprøve, vil dei ikkje få arbeide som faglært før dei har gått læretida si hjå ein autorisert installatør. Vidare er det mange som tilbys kryssløp til andre fag. Det er neppe det beste for dei fleste sin motivasjon, men likevel betre enn at dei blir gåande utan lære plass.

Nemnda meiner derfor at det var svært uheldig at det blei oppretta endå ei klasse på Askøy vgs, og meiner den må taksat ned att så snart råd. Nemnda viser her også til bransjens særts tydelege innspel i saka, og elles til nemndas tidlegare vedtak i dimensjoneringssaka 2020, samt klassejusteringssaka 2021.

Når det gjeld lokasjon av tilbodet, vil det tolast at tilbodet vert samla på færre skular i Stor Bergen. Dersom det vert aktuelt, bør det skje i dilaaog med nemnda og bransjen.

PS 21/21 Evaluering av nærskulemodellen etter inntak til skuleåret 2021/22

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer følgande endringar i Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune:

1. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».
2. Vestland fylkeskommune sin nærskulemodell på vg1 vil ha seks inntaksområde med tilhøyrande inntaksmatrise. Inntaksområda vert: 1) Sunnhordland, 2) Hardanger/Voss og Sogn, 3) Stor-Bergen, 4) Nordhordland og HAFS, 5) Sunnfjord og Sogn, 6) Nordfjord.
3. Utdanningsprogrammet naturbruk blir del av nærskulemodellen, og søkarar med vg1 naturbruk ved ein skule i sitt inntaksområde får nærskulepoeng til den skulen. Søkarar utan vg1 naturbruk i sitt inntaksområde får nærskulepoeng ved søking til alle skulane med naturbruk .
4. Utdanningsprogrammet idrettsfag takast ut av nærskulemodellen. Tilbodet vert då ikkje bunde opp til søkaren sitt inntaksområde, og ungdommane kan søke fritt til den skulen med idrettsfag som har den fordjupinga eller profilen dei ønsker.
5. Rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram vert fjerna, og søkarane konkurrerer på karakterpoeng.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

Ann-Kristin Kristoffersen, NHO, sette fram slikt tilleggforslag til nytt pkt. 6:

«Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til fylkesdirektørens anbefalingar om justeringar av modellen etter inntak skuleåret 2021/2022.

Nemnda meiner at Fylkesdirektørens forslag til endringar i nærskulemodellen er viktig og nødvendig for å sikre at modellen fungerer på best mogleg måte.

Det er i fellesskapets interesse at modellen fungerer godt, og yrkesopplæringsnemnda oppmodar til at modellen jamnt evaluerast og får innarbeidd forbetringar.

Det går fram i evalueringa at unge manglar kompetanse på å gjere gode utdanningsval. Dette er noko nemnda ved fleire høve har peika på, og det viser behov for å styrke rådgivingskompetanse i ungdomskolen, for å kunne gi betre informasjon. Styrking av rådgivingstenestene i ungdomsskolen vil gjera inntaksmodellen meir robust og velfungerande.

Nemnda ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgivingstenesten i ungdomsskolen, fylkeskommune og arbeidsliv. God informasjon ut til elevane samt god interaksjon er viktig for at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.»

Åsmund Berthelsen, OppKo, sette fram slikt alternativt forslag:

«Fylkestinget gjer fylgjande endringar i Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune:

- 1. Utdanningsprogrammet naturbruk blir del av nærskulemodellen, og søkarar med vg 1 naturbruk ved ein skule i sitt inntaksområde får nærskulepoeng til den skulen. Søkarar utan vg1 naturbruk i sitt inntaksområde får nærskulepoeng ved søkjng til alle skulane med naturbruk
- 2. Utdanningsprogrammet idrettsfag vert teke ut av nærskulemodellen. Tilbodet vert då ikkje bunde opp til søkaren i nærskuleområde, og ungdommane kan søkje fritt til den skulen med idrettsfag som har den fordjupinga eller profilen dei ønskjer.
-

Nemnda ber om at fylgjande vert vurdert i den vidare handsaminga av saka:

- 1. Å gje elevar som uansett må bu på hybel ei særordning.
- 2. Ei nærare og grundigare vurdering av om stor-Bergen kan delast opp i fleire nærskuleområde, jmf. vedtak i sak PS 107/2020, Lokal forskrift om inntak og formidling i fylkestinget pkt.4.»

Avrøysting

Kristoffersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt alternative forslag fekk ei røyst (Berthelsen) og fall.

Innstillinga vart vedteke mot ei røyst (Berthelsen).

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1.Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiskje fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».

2.Vestland fylkeskommune sin nærskulemodell på vg1 vil ha seks inntaksområde med tilhøyrande inntaksmatrise. Inntaksområda vert: 1) Sunnhordland, 2) Hardanger/Voss og Sogn, 3) Stor-Bergen, 4) Nordhordland og HAFS, 5) Sunnfjord og Sogn, 6) Nordfjord.

3.Utdanningsprogrammet naturbruk blir del av nærskulemodellen, og søkarar med vg1 naturbruk ved ein skule i sitt inntaksområde får nærskulepoeng til den skulen. Søkarar utan vg1 naturbruk i sitt inntaksområde får nærskulepoeng ved søking til alle skulane med naturbruk .

4.Utdanningsprogrammet idrettsfag takast ut av nærskulemodellen. Tilbodet vert då ikkje bunde opp til søkaren sitt inntaksområde, og ungdommane kan søke fritt til den skulen med idrettsfag som har den fordjupinga eller profilen dei ønsker.

5. Rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram vert fjerna, og søkerane konkurrerer på karakterpoeng.

6. Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til fylkesdirektørens anbefalingar om justeringar av modellen etter inntak skuleåret 2021/2022.

Nemnda meiner at Fylkesdirektørens forslag til endringar i nærskolemodellen er viktig og nødvendig for å sikre at modellen fungerer på best mogleg måte. Det er i fellesskapets interesse at modellen fungerer godt, og yrkesopplæringsnemnda oppmodar til at modellen jamnt evaluerast og får innarbeidd forbetringar.

Det går fram i evalueringa at unge manglar kompetanse på å gjere gode utdanningsval. Dette er noko nemnda ved fleire høve har peika på, og det viser behov for å styrke rådgivingskompetanse i ungdomskolen, for å kunne gi betre informasjon. Styrking av rådgivingstenestene i ungdomsskolen vil gjera inntaksmodellen meir robust og velfungerande.

Nemnda ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgivingstenesten i ungdomsskolen, fylkeskommune og arbeidsliv. God informasjon ut til elevane samt god interaksjon er viktig for at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.

PS 22/21 Spørsmål om reisetidsgaranti for elevar i vidaregåande skule

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget innfører ikkje ein garanti om skuleplass innanfor ein avgrensa reiseveg i tid
2. Dimensjonering av opplæringstilbodet skal så langt det lar seg gjere utgreie behov for elevplassar i kvart nærskuleområde og vise korleis flest mogeleg søkarar i eit nærskuleområde kan få tilbod om skuleplass
3. Ved behov for å auke elevplassar i eit område basert på elevprognosar, vil fylkesdirektøren vise korleis dette handsamast innanfor den gjeldande økonomiske ramma

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Fylkestinget innfører ikkje ein garanti om skuleplass innanfor ein avgrensa reiseveg i tid
2. Dimensjonering av opplæringstilbodet skal så langt det lar seg gjere utgreie behov for elevplassar i kvart nærskuleområde og vise korleis flest mogeleg søkarar i eit nærskuleområde kan få tilbod om skuleplass
3. Ved behov for å auke elevplassar i eit område basert på elevprognosar, vil fylkesdirektøren vise korleis dette handsamast innanfor den gjeldande økonomiske ramma

PS 23/21 Eigarstyring av Fagskulen Vestland og delegeringsreglement

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.
2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka.

3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein del av opplærings- og kompetansesektoren.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

Kine Bratli Dale, Nærna, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Y-nemda viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 b under styresammensetning.

Nemda ønsker å presisere viktigheten av at styrerepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i hva som rører seg i de ulike bransjene i fylket. Nemda vil derfor anbefale at det er fylkesdirektør for næring som trer inn i styret.

Y-nemda viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 c under styresammensetning. Nemda ønsker å presisere viktigheten av at representantene fra arbeids- og næringsliv representerer bredden i næringslivet og ikke enkelt bedrifter. Nemda vil derfor anbefale at man viderefører ordningen fra prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partene i arbeidslivet (LO og NHO).»

Sølvi Sørebo, KS, sette fram slikt tilleggsforslag til Dale sitt forslag, siste setning:

«Tillegg i siste setning: Og KS».

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Sørebo sitt forslag fekk ei røyst (Sørebo) og fall.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.
2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka.
3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein del av opplærings- og kompetansesektoren.
4. Y-nemda viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 b under styresammensetning.

Nemda ønsker å presisere viktigheten av at styrerepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i hva som rører seg i de ulike bransjene i fylket. Nemda vil derfor anbefale at det er fylkesdirektør for næring som trer inn i styret.

5. Y-nemda viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 c under styresammensetning. Nemda ønsker å presisere viktigheten av at representantene fra arbeids- og næringsliv representerer bredden i næringslivet og ikke enkelt bedrifter. Nemda vil derfor anbefale at man viderefører ordningen fra prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partene i arbeidslivet (LO og NHO).

PS 24/21 Møteplan for 2022

Saksprotokoll i arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda - 05.10.2021

Arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda sette fram slikt forslag:

«Møteplan for 2022 for nemnda og arbeidsutvalet.

Utkastet tek utgangspunkt i:

- Politisk møteplan hovudutval for opplæring og kompetanse
- Fellesmøte med hovudutvalet
- Arbeidsutvalet sine møte legg til rette for at arbeidsutvalet kan vurdere kva saker som skal/ bør til y-nemnda

Yrkesopplæringsnemnda:

- Torsdag 10.02.2022
- Torsdag 10.03.2022
- Torsdag 31.03.2022
- Torsdag 19.05.2022
- Onsdag 24.08.2022
- Torsdag 08.09.2022
- Onsdag 05.10.2022
- Torsdag 17.11.2022

Arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda:

- Torsdag 27.01.2022
- Torsdag 17.02.2022
- Fredag 18.03.2022
- Tysdag 03.05.2022
- Fredag 05.08.2022
- Onsdag 24.08.2022
- Torsdag 15.09.2022
- Onsdag 05.10.2022
- Onsdag 26.10.2022
- Onsdag 03.11.2022»

Avrøysting

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda

Møteplan for 2022 for nemnda og arbeidsutvalet.

Yrkesopplæringsnemnda:

- Torsdag 10.02.2022
- Torsdag 10.03.2022
- Torsdag 31.03.2022
- Torsdag 19.05.2022
- Onsdag 24.08.2022
- Torsdag 08.09.2022
- Onsdag 05.10.2022
- Torsdag 17.11.2022

Arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda:

- Torsdag 27.01.2022
- Torsdag 17.02.2022
- Fredag 18.03.2022
- Tysdag 03.05.2022
- Fredag 05.08.2022
- Onsdag 24.08.2022
- Torsdag 15.09.2022
- Onsdag 05.10.2022
- Onsdag 26.10.2022

- Onsdag 03.11.2022

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Møteplan for 2022 for nemnda og arbeidsutvalet.

Yrkesopplæringsnemnda:

- Torsdag 10.02.2022
- Torsdag 10.03.2022
- Torsdag 31.03.2022
- Torsdag 19.05.2022
- Onsdag 24.08.2022
- Torsdag 08.09.2022
- Onsdag 05.10.2022
- Torsdag 17.11.2022

Arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda:

- Torsdag 27.01.2022
- Torsdag 17.02.2022
- Fredag 18.03.2022
- Tysdag 03.05.2022
- Fredag 05.08.2022
- Onsdag 24.08.2022
- Torsdag 15.09.2022
- Onsdag 05.10.2022
- Onsdag 26.10.2022
- Onsdag 03.11.2022